

Spelemannslaget
De frilynde

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Heer skole i Drøbak onsdag den 24. februar 2010 kl. 19.30.

Leiaren opna møtet.

Desse møtte: Lene Meum, Vegard Hedenstad, Egil Hammermo, Oskar Fevåg, Tanja Wilhelmsen, Sissel Berge, Sigurd Gjerde og Nils Seland.

Sak 1: Innkalling og sakliste.

Merknad: Det burde vore send ut formell innkalling med sakliste. Uheldig å leggja årsmøtet til vinterferien.

Vedtak: Innkalling og vedtektsfesta sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Lene Meum blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Sekretæren las opp årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane.

Samla beholdning pr. 31/12-2009 er kr. 32.427,55

Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 24.600,-

Tilskot frå Musikkverkstadordninga (kr. 10 000,-) for 2007 kom inn på konto i januar 2009. Tilskot til vaksenopplæringstiltak for haustsemesteret 2009 er ikkje med i rekneskapen. Nils Seland får ei årleg godtgjersle som musikalsk leiar til dekking av reiseutlegg stor kr. 5.000,-.

Merknad: Styret bør utarbeida årsbudsjett og rekneskapen settast opp i tråd med det, slik at driftskostnadar- og inntekter i rekneskapsåret kjem tydelegare fram.

Vedtak: Rekneskapen godkjent.

Sak 5: Valg

Styreleiar: Lene Meum. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (gjenvalg for 2 år)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (gjenvalg for 2 år)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Sigurd Gjerde og Hilde Tannum.

Valgnemnd: Egil Hammermo (formann), Tanja Wilhelmsen.

Ski den 28. februar 2010

Nils Seland
referent